


**Skjema for presentasjon av lek kyrkjelege tilsette**
**kandidatar ved val av  
bispedømeråd/Kyrkjemøtet Bjørgvin**

Opplysningane er til bruk ved offentlig presentasjon av kandidatane.

Fødselsdato	1964		
Namn	Inger Elisabeth Aarvik		
Bustadsadresse	Lofthus		
Telefon		Epost	ieaa@ullensvang.herad.no
Bustadssokn	Ullensvang		
Kjønn	K <input type="checkbox"/> M <input checked="" type="checkbox"/> (kryss av)		

Noverande stilling	Kantor i Ullensvang herad	Frå	1992
--------------------	---------------------------	-----	------

Yrke/Utdanning	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
(Inntil 60 teikn)		(Årstal)	(Årstal)
Norges musikkhøgskule, kirkemusikk, kandidatstudiet.		1988	1992
Menighetsfakultet, kristendom grunnfag		1987	1988
NTNU/ Presteforeningen, liturgisk vidareutdanning. Deltidsstudium		2003	2005
Norges musikkhøgskule/MF, kurshaldarkurs, vidareutdanning til gudstenestereformen.		2011	2012

Kyrkjelege verv	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Ung Kyrkjesong, medlem i landsstyret		2007	2009
Ung kyrkjesong Bjørgvin, leiar og nestleiar.		2003	2009
Kyrkjemusikkutvalet, Bjørgvin bispedøme		2003	2007
Trusopplæringsutvalet, Bjørgvin bispedøme		2007	2011
Høringsutval, gudstenestereformen, Kirkerådet.		2009	2010

Offisielle og andre verv	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
(Inntil 60 teikn)		(Årstal)	(Årstal)
Fleire periodar i FAU, Opedal skule, i tidsrommet 1996-2010			
Harding Puls, kunstnarorganisasjon. Styremedlem.		2014	2016

Satsingsområde (inntil 5)	(Aktivitatar i og planar for kyrkja som kandidaten er særleg oppteken av. Opptil 5 område som kandidaten vil prioritera høgast.)
(Inntil 30 teikn)	
Trusopplæring.	
Miljø og klima.	
Gudstenesta.	

## Spørsmål til lek kyrkjelege tilsette kandidatar i Bjørgvin.

Spørsmåla er bestemt av nominasjonskomiteen for lek kyrkjelege tilsette i Bjørgvin, med utgangspunkt i valrådet sine spørsmål til dei leke kandidatane. Spørsmåla har to funksjonar, dei skal hjelpa nominasjonskomiteen i arbeidet med å setja opp kandidatlista, og dei skal brukast i presentasjonen av deg som kandidat. Dette medfører at teksten vil bli offentleg (på nett og på trykk) dersom du blir nominert. Vi ber om at de skriv kort, maks. 800 teikn inkl. mellomrom pr. spørsmål.

**Namn:** Inger Elisabeth Aarvik

### 1. Eg stiller til val til bispedømerådet og Kyrkjemøtet fordi:

Eg er opptatt av ei levande kyrkje og vil gjerne vera med i arbeidet på fleire nivå. Det viktigaste arbeidet skjer lokalt, og det er viktig å leggja til rette for godt arbeid i alle kyrkjelydane. Kyrkja er ein heim, ein stad for å leva og ein stad for å arbeida.

### 2. Den norske kyrkja sitt visjonsdokument (2015-2019) presenterer Den evangelisk-lutherske folkekyrkja som

- Vedkjennande
- Open
- Tenande
- Misjonerande

#### Korleis vil du arbeida for å verkeleggjera dette?

Trusopplæringsreformen og gudstenestereformen har sett fokus på det sentrale arbeidet i alle kyrkjelydar. Her må det arbeidast vidare og leggjast til rette for at alle lokale kyrkjelyder kan få til eit godt arbeid for alle aldersgrupper. Gudstenester, trusopplæring, diakoni, musikk – mange element er viktige for at me skal få ei varm kyrkje der mange kjenner seg heime. Gudstenesta er pulsslaget i kyrkja og vår viktigaste møtestad. Det er og viktig at kyrkja tar tak når det gjeld miljø- og klimaspørsmål. Alle har ansvar for jorda, kyrkja må vera ein pådrivar for å ta vare på skaparverket.

### 3. Kva meiner du om vigsel av likekjønna par i Den norske kyrkja?

Dette er ei vanskeleg sak for mange. Eg trur det no er tid for dette: Likekjønna par bør få rett til vigsel i kyrkja.

### 4. Tilhøvet mellom staten og kyrkja er i endring. Kva vil du vektlegge med omsyn til

- Rekruttering
- organisering
- arbeidsgjevaransvar i kyrkja?

Alle oppgåver og yrkesgrupper i kyrkja er viktige, uansett korleis ein organiserer dette. Kyrkja må arbeida vidare for å få til ein ordning som er god for alle tilsette slik at alle profesjonar kan arbeida godt, og kan arbeida saman. Kyrkja treng ei enklare ordning med tydelegare organisering.

Rekruttering: Trusopplæringa, med babysong, kor, klubbar og aktivitetar er ein gylden anledning til å arbeida med rekruttering. Her kan ein få til møte mellom kyrkja og dei døypte og deiras familier, og her leggjast grunnlaget for å kjenna seg heime i kyrkja.

### 5. Korleis vil du leggja til rette for at kyrkja kan halda saman trass i saker med stor usemje?

Me har truvedkjenninga og ein felles tradisjon i kyrkja vår. Trua på Jesus, livet hans, døden og oppstoda er vår felles arv. Dette held oss saman som kyrkje. Me kan leva med usemje i mange saker og framleis vera same kyrkje. Godt samhald tåler usemje.



## Skjema for presentasjon av lek

### kyrkjelege tilsette kandidatar ved val av bispedømeråd/Kyrkjemøtet

Opplysningane er til bruk ved offentlig presentasjon av kandidatane.

Fødselsdato	1971		
Namn	Beate Husa		
Bustadsadresse	Skogsvåg		
Telefon		Epost	<a href="mailto:beate.husa@sund.kommune.no">beate.husa@sund.kommune.no</a>
Bustadssokn	Sund		
Kjønn	K <input checked="" type="checkbox"/> M <input type="checkbox"/> (kryss av)		

Noverande stilling	Kyrkjeverje	Frå	2011
--------------------	-------------	-----	------

Yrke/Utdanning	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Kirkeledelse – KAs lederutviklingsprogram		2013	2014
Bachelor Samfunnsøkonomi		2009	2011
Bedriftsøkonomstudiet BI		1991	1992

Kyrkjelege verv	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
(Inntil 60 teikn)		(Årstal)	(Årstal)

Offisielle og andre verv	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Kommunestyrerepresentant Sund kommune		2007	2015
Medlem i formannskapet Sund kommune		2011	2015
Nestleiar i Hordaland KrF		2010	2015
Lokallagsleiar Sund KrF		2006	2015

Satsingsområde (inntil 5)	(Aktivitatar i og planar for kyrkja som kandidaten er særleg oppteken av. Opptil 5 område som kandidaten vil prioritera høgast.)
Kyrkjeleg organisering	
Omdømmebygging	

## Spørsmål til lek kyrkjelege tilsette kandidatar i Bjørgvin.

Namn: Beate Husa

### 1. Eg stiller til val til bispedømerådet og Kyrkjemøtet fordi:

Eg opplever denne tida som svært viktig i høve til at Den norske kyrkja skal finne fram til ei organisering som i størst mogeleg grad gjer oss i stand til å ivareta vårt viktigaste oppdrag. Min motivasjon for å stilla til val er først og fremst knytt til å være eit tydeleg talerør for dei fellesrådstilsette i prosessen med ny organisering. Eg vil arbeida for at kyrkjemøtet sitt vedtak om felles arbeidsgjevaransvar for alle som arbeider i Den norske kyrkja blir gjennomført. Vidare er eg opptatt av at vi i kyrkja må arbeida målretta og strategisk for å betra omdømmet vårt, og få fram den relevansen som kyrkja har for menneske i dag.

### 2. Den norske kyrkja sitt visjonsdokument (2015-2019) presenterer Den evangelisk-lutherske folkekyrkja som

- Vedkjennande
- Open
- Tenande
- Misjonerande

### Korleis vil du arbeida for å verkeleggjera dette?

- Kyrkja sitt visjonsdokument er godt og samlande. For at visjonane skal bli til verkelegheit må vi være bevisst på dei i rådsarbeidet, og la dei gjennomsyre vedtak og planar.
- Det er likevel slik i Den norske kyrkja at det er ein gode visjonar både nasjonalt, på bispedømme nivå og lokalt. Det kan være vanskeleg for oss å sjå desse i samheng. Eg ser det som viktig at ein jobbar meir med å samkjøre visjonane slik at stadig fleire får eigarskap til dei.
- Med gode visjonar og verdens beste budskap ligg ting til rette for at mange skal finne vegen til kyrkja. Når dei ikkje gjer det i den grad vi ynskjer, bør vi jobbe endå meir med omdømmebygging. Vi bør ha kontinuerleg fokus på korleis vi kan kommunisere betre i dagens samfunn.

### 3. Kva meiner du om vigsel av likekjønna par i Den norske kyrkja?

Eg meiner at Den norske kyrkja ikkje skal opne for vigsel av likekjønna par.

### 4. Tilhøvet mellom staten og kyrkja er i endring. Kva vil du vektlegge med omsyn til

- Rekruttering
- organisering
- arbeidsgjevaransvar i kyrkja?

Rekruttering: Det må arbeidast strategisk med rekruttering og dette må sjåast i samheng med omdømmebygging som er nemnt over. Ein bør og sjå på utdanningane sitt innhald og utdanningskrav på nytt. Alternative vegar til ei kyrkjeleg utdanning basert på relevant utdanning bør vurderast.

Organisering: Med kommande kommunereform kan ein forventast større fellesrådsområder. Kyrkja må i mykje større grad kople seg på kommunereforma og være aktive i forhold til den. Vi må finne den organiseringa som bidreg til at ressursane i størst mulig grad kjem lokalkyrkja til gode.

Arbeidsgjevaransvar: For meg har det førsteprioritet at vi får eit felles arbeidsgjevaransvar i kyrkja. Her må ein prøve å finne løysingar som alle kan leve med. Om vi får større fellesrådsområder bør ansvaret ligge der.

### 5. Korleis vil du leggja til rette for at kyrkja kan halda saman trass i saker med stor usemje?

Eg vil ha fokus på ein retorikk og ein kommunikasjon som bidreg til å dempa, heller enn å skjerpa frontar. Ein må sjå på meiningsbryting som ei styrke, og søka å finna fram til kompromiss som kan gjera det mogeleg å bevare eit godt fellesskap på tross av ulik tilnærming.



## Skjema for presentasjon av lek kyrkjelege

### tilsette kandidatar ved val av bispedømeråd/Kyrkjemøtet Bjørgvin

Opplysningane er til bruk ved offentleg presentasjon av kandidatane.

Fødselsdato	1976		
Namn	Dag Reidmar Pettersen		
Bustadsadresse	Straume		
Telefon	Epost	dag.pettersen@sund.kommune.no	
Bustadssokn	Fjell		
Kjønn	K <input type="checkbox"/> M <input checked="" type="checkbox"/> (kryss av)		

Noverande stilling	Trusopplærer i Sund sokn	Frå	2011
--------------------	--------------------------	-----	------

Yrke/Utdanning	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Bachelor teologi – Misjonshøgskolen		2000	2009
Årsstudium psykologi – Universitetet i Bergen		2004	2005
Menighetsarbeider (konfirmantar) – Laksevåg menighet		2010	2013
Assistent – Danielsen Barne- Ungdomsskule Sotra		2008	2012

Kyrkjelege verv	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
(Inntil 60 teikn)		(Årstal)	(Årstal)

Offisielle og andre verv	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
(Inntil 60 teikn)		(Årstal)	(Årstal)

Satsingsområde (inntil 5)	(Aktivitatar i og planar for kyrkja som kandidaten er særleg oppteken av. Opptil 5 område som kandidaten vil prioritera høgast.)
	At den bibelske forkynninga og undervisninga i kyrkja skal styrkast.
	Ungdom – at kyrkja skal nå dei og inkludera dei i fellesskapet
	At kyrkjefellesskapet skal bli meir synleg utanfor kyrkjebygget

## Spørsmål til lek kyrkjelege tilsette kandidatar i Bjørgvin.

Spørsmåla er bestemt av nominasjonskomiteen for lek kyrkjelege tilsette i Bjørgvin, med utgangspunkt i valrådet sine spørsmål til dei leke kandidatane. Spørsmåla har to funksjonar, dei skal hjelpa nominasjonskomiteen i arbeidet med å setja opp kandidatlista, og dei skal brukast i presentasjonen av deg som kandidat. Dette medfører at teksten vil bli offentleg (på nett og på trykk) dersom du blir nominert. Vi ber om at de skriv kort, maks. 800 teikn inkl. mellomrom pr. spørsmål.

**Namn:** Dag Reidmar Pettersen

### 1. Eg stiller til val til bispedømerådet og Kyrkjemøtet fordi:

Eg er brennande oppteken av Den norske kyrkje. Eg er oppteken av at Den norske kyrkje skal bevarast på bibelsk grunn – at kyrkja skal vera sterk og tydeleg i sitt særpreg og annleisheit til samfunnet elles, med sin bodskap om Guds kjærleik, Hans skapande og frelsande gjerning.

Eg er oppteken av at kyrkja i større grad skal nå ut – globalt, men òg her heime – til menneske som ikkje endå er ein del av fellesskapet; finna dei, møta dei og formidla til dei Jesus Kristus i ord og gjerning.

### 2. Den norske kyrkja sitt visjonsdokument (2015-2019) presenterer Den evangelisk-lutherske folkekyrkja som

- Vedkjennande
- Open
- Tenande
- Misjonerande - Korleis vil du arbeida for å verkeleggjera dette?

Ei vedkjennande kyrkje må ha ei tydeleg forkynning og undervisning av den bibelske bodskapen som trua vår er bygd på. Slik kan sanninga bli høyrd, trudd og vedkjent. Gudstenestene, trusopplæringa, bibelgrupper, Alpha-kurs osv. er viktige samlingar for å styrka dette.

Eg trur mange som i dag ikkje er med i kyrkjefellesskapet, ynskjer å bli med. Eit større fokus på ulike typer smågrupper ein kan vere med å bidra i, vil vere ei hjelp til å få fleire med og auka eigarskapet til kyrkja.

Kyrkja er kalla til teneste og frimot i møte med både global og lokal naud og urettvise. Vi må støtte kristne søsken i andre land, særleg dei som er forfølgte eller religiøse minoritetar. Eg ynskjer òg eit meir oppsøkande og synleg kyrkjefellesskap i vår eigen kultur, som møter menneske der dei til vanleg ferdast.

### 3. Kva meiner du om vigsel av likekjønna par i Den norske kyrkja?

Bibelen slår fast at Gud har skapt mennesket til å leva saman som mann og kvinne.

Ekteskapet er gjeven som vern og ramme for det seksuelle samlivet og for familielivet.

Både Jesus og apostlane lærer tydeleg at alt seksuelt samliv utanfor ekteskapet (mellom éin mann og éi kvinne) er imot Guds vilje. Difor meiner eg at vigsel av likekjønna par strir imot kristen samlivsetikk.

### 4. Tilhøvet mellom staten og kyrkja er i endring. Kva vil du vektlegge med omsyn til

- Rekruttering
- organisering
- arbeidsgjevaransvar i kyrkja?

Organiseringa av Den norske kyrkja, med den doble strukturen, har eg både erfart styrker og svakheiter med, og eg har nok ikkje heilt landa på kva som er den beste løysinga her. Men eg gler meg til å setja meg betre inn i dei ulike argumenta. Eg meiner at det er eit gode for kyrkja at ho sjølv – utan innblanding frå staten – styrer kven som skal tilsetjast i dei ulike stillingane.

### 5. Korleis vil du leggja til rette for at kyrkja kan halda saman trass i saker med stor usemje?

Det er viktig for meg at alle i kyrkja blir tekne vare på, sjølv om ein har ulike meiningar. Men det er mogleg at dette krev endringar i organiseringa av kyrkja og at ein må laga nokre nye strukturar og «køyrereglar».



## Skjema for presentasjon av lek kyrkjelege tilsette

### kandidatar ved val av bispedømeråd/Kyrkjemøtet Bjørgvin

Opplysningane er til bruk ved offentlig presentasjon av kandidatane.

Fødselsdato	1969		
Namn	Joy Elizabeth Taylor		
Bustadsadresse	Dale i Sunnfjord		
Telefon		Epost	<a href="mailto:kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no">kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no</a>
Bustadssokn	Fjaler		
Kjønn	K <input checked="" type="checkbox"/> M <input type="checkbox"/> (kryss av)		

Noverande stilling	Kyrkjeseekretær	Frå	2001
--------------------	-----------------	-----	------

Yrke/Utdanning	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Kyrkjeseekretær i Gaular sokn		2009	2015
Kyrkjeseekretær i Fjaler sokn		2001	2015
Kyrkjjetenar i Dale kyrkje (Fjaler)		1997	2011
Bachelorgrad i musikk, med liturgisk musikk som hovudfag (Colchester Institute)		1987	1991

Kyrkjelege verv	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Redaktør, Kyrkjeblad for Fjaler		2000	2015
Leiar, Laurdagsklubben i Dale (tilslutta Søndagsskulen Norge)		1998	2015

Offisielle og andre verv	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Vara til styret, Sparebankstiftinga i Fjaler		2012	2015

Satsingsområde (inntil 5)	(Aktivitatar i og planar for kyrkja som kandidaten er særleg oppteken av. Opptil 5 område som kandidaten vil prioritera høgast.)
Open, inkluderande folkekyrkje	
Barn og ungdom	
Kyrkja i media/på Internett	
Kor og kyrkjemusikk	
Miljø og rettferd	

## Spørsmål til lek kyrkjelege tilsette kandidatar i Bjørgvin.

Spørsmåla er bestemt av nominasjonskomiteen for lek kyrkjelege tilsette i Bjørgvin, med utgangspunkt i valrådet sine spørsmål til dei leke kandidatane. Spørsmåla har to funksjonar, dei skal hjelpe nominasjonskomiteen i arbeidet med å setja opp kandidatlista, og dei skal brukast i presentasjonen av deg som kandidat. Dette medfører at teksten vil bli offentleg (på nett og på trykk) dersom du blir nominert. Vi ber om at de skriv kort, maks. 800 teikn inkl. mellomrom pr. spørsmål.

**Namn:** Joy Elizabeth Taylor

### 1. Eg stiller til val til bispedømerådet og Kyrkjemøtet fordi:

Eg ønskjer ei kyrkje der det er rom for både tru og tvil, der ingen kjenner seg uønskt eller framand, og der det er plass for ulike meiningar. Eg vil vere med på å tilrettelegge for dette i den endringsprosessen vi no er oppe i.

### 2. Den norske kyrkja sitt visjonsdokument (2015-2019) presenterer Den evangelisk-lutherske folkekyrkja som

- Vedkjennande
- Open
- Tenande
- Misjonerande

#### Korleis vil du arbeida for å verkeleggjera dette?

Eg ønskjer ei kyrkje med låg terskel, der alle kan kjenne seg heime og der kyrkja opplevast som ein naturleg del av nærmiljøet. Trusopplæringsreforma har gjort mykje for å auke deltaking i gudstenesta og nattverden, og det er viktig å fortsette med dette arbeidet. Barn og foreldre får høyre Guds ord, blir kjent i kyrkjerommet og opplever at dei høyrer til. Korarbeid og bruk av medliturgar/frivillige senkar terskelen for aktiv deltaking i gudstenesta og gjev eit eigarskapsforhold til den. Det er viktig at kyrkja er synleg i media og i nærmiljøet, og opplevast som relevant. Vi må vere til stades for folk i kvardagen og i krise. Kyrkjebygg og kyrkjelydshus må så langt som mogeleg vere tilgjengeleg for alle, t.d. med rullestolrampe, handikapptoalett og teleslynge (universell utforming).

### 3. Kva meiner du om vigsel av likekjønna par i Den norske kyrkja?

Jesus tok imot alle, spesielt dei som av ulike grunner blei sett ned på. Han viste oss at absolutt alle er elskta av Gud, og at frelsa er for alle. Det er ikkje vår oppgåve å stenge folk ute av kyrkja og nekte dei å delta i det som er sjølvsgat for andre kristne – det var Jesus tydeleg på.

Det finst nokre få bibelvers som nemner homofili, men mange fleire som påpeiker at alle har synda, og som refser dei som vil dømmе andre. Paulus skriv i Romarbrevet: "Det finst ingen rettferdig, ikkje ein einaste." Gud er kjærleik, og kjærleiken kjem frå Gud – også i likekjønna parforhold. Eg ser ingen bibelsk grunnlag for at to av same kjønn ikkje kan leve saman i forpliktande kjærleik med Guds velsigning. Eg meiner derfor at det er riktig å gje plass for likekjønna ekteskap i ei open og levande kyrkje.

### 4. Tilhøvet mellom staten og kyrkja er i endring. Kva vil du vektlegge med omsyn til

- Rekruttering
- organisering
- arbeidsgjevaransvar i kyrkja?

Større administrative einingar for arbeidsgjevaransvar kan ha nokre fordelar, f.eks at tilsetjing på tvers av soknegrensar kan gje større stillingsprosent for lek tilsette og dermed lettare rekruttering, men fordelane med "stordrift" må vegast opp mot den sterke forankring i nærmiljøet som alltid har vore viktig for kyrkja. Soknet må bestå som grunneining med tilstrekkelege ressursar, og må ha uttalerett som skal tilleggast vekt i alle tilsetjingssaker som gjeld soknet. Alle kyrkjelege tilsette bør ha same arbeidsgjevar, gjerne på prostnivå.

### 5. Korleis vil du leggja til rette for at kyrkja kan halda saman trass i saker med stor usemje?

Usemje er ikkje noko nytt i den kristne kyrkja, som trass dette har eksistert i 2000 år. Ei inkluderande folkekyrkje må sjølvsgat ha plass for ulike meiningar. Vi må vise toleranse for kvarandre og sette pris på dei ulikskapane som er mellom oss. Ved å halde fokus på dei sentrale elementa i vår tru og det vi har felles, kan vi unngå at usemje splittar oss.




**Skjema for presentasjon av lek**
**kyrkjelege tilsette kandidatar ved  
val av bispedømmeråd/Kyrkjemøtet**

Opplysningane er til bruk ved offentleg presentasjon av kandidatane.

Fødselsdato	1962		
Namn	Arne Tveit		
Bustadsadresse	Søfteland		
Telefon	Epost	<a href="mailto:Arne.tveit@bergen.kirken.no">Arne.tveit@bergen.kirken.no</a> / famtveit@gmail.com	
Bustadssokn	Os		
Kjønn	K <input type="checkbox"/> M <input checked="" type="checkbox"/> (kryss av)		

Noverande stilling	Kirkebyggsjef i Bergen kirkelige fellesråd	Frå	2014
--------------------	--	-----	------

Yrke/Utdanning	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Kirkeverge i Vestvågøy, Lofoten		2008	2013
Senior salgssjef / prosjektleder / produksjef i Poseidon (kunder i 60 land)		1997	2007
KA's lederutdanning, del 1 og 2 / verdibasert ledelse		2011	2013
Ingeniørhøgskolen i Narvik		1984	1986
Indremisjonsselskapets bibelskole, Staffeldts gate, Oslo		1981	1982

Kyrkjelege verv	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Delegat til kirkemøtet		2009	2013
Nestleder Sør-Hålogaland bispedømmeråd		2009	2013
Leder Buksnes menighetsråd		2002	2007
Nord-Norges diakonistiftelse, varamann til styret		2010	2012
Medlem av Santalmisjonens ungdomsråd i Nordland		1984	1986

Offisielle og andre verv	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Styremedlem Lofitech AS		1992	2015
Leder/nestleder Buksnes skoleutvalg		1999	2001
Gravdal håndballklubb, sekretær		2008	2009
Gravdal fotballklubb, oppmann		2000	2000

Satsingsområde (inntil 5)	(Aktivitatar i og planar for kyrkja som kandidaten er særleg oppteken av. Opptil 5 område som kandidaten vil prioritera høgast.)
	Trosopplæringsreformen, at vi må nå nye generasjoner med evangeliet om Jesus.
	At vi må lage gudstjenester og samlinger der folk ønsker å delta, opplever seg velkommen og der troen får vokse frem.
	Når vi skal fullføre kirkemøtets bestemmelse om EN arbeidsgiverlinje, må det bli på fellesrådsnivå, etter kommunereformen.
	Vi må finne en god finansiering og organisering som gir oss mulighet for å ta vare på kirkebyggene våre på en god måte.
	Fellessrådene gjør en god jobb som gravplassforvaltere – dette er en oppgave vi må beholde, forvalte og videreutvikle.

## Spørsmål til lek kyrkjelege tilsette kandidatar i Bjørgvin.

Namn: Arne Tveit

### 1. Eg stiller til val til bispedømerådet og Kyrkjemøtet fordi:

Jeg har et stort engasjement for kirka vår og ønsker å bidra til at den skal utvikle seg på en god måte. Dette handler om fornuftig organisering, at vi får rekruttert gode medarbeidere, både lønnede og ulønnede, og at vi står sammen om kirkas store oppdrag. Gjennom 4 år i bispedømmeråd og kirkemøte har jeg erfart at min brede erfaring fra ulike deler av kirke-Norge kunne brukes konstruktivt til å finne gode løsninger. Som kirkeverge i en liten kommune og kirkebyggsjef i stor kommune har jeg jobbet nært med mange yrkesgrupper i kirken og lært om deres ulike utfordringer, en viktig kjennskap for gode beslutningsprosesser i kirkemøte og bispedømmeråd.

Jeg vil også bidra til at vi tar godt vare på kirkebyggene våre, og fortsatt beholder gravplassmyndigheten og forvalter denne på en god måte.

### 2. Den norske kyrkja sitt visjonsdokument (2015-2019) presenterer Den evangelisk-lutherske folkekyrkja som

- Vedkjennande
- Open
- Tenande
- Misjonerande-

**Korleis vil du arbeida for å verkeleggjera dette?**

Visjonsdokumentet skal være rettessnor for arbeidet vi gjør og beslutningene vi tar. Alle vedtaksforslag skal kunne prøves mot visjonene. Det er først og fremst ute i menighetene at visjonsdokumentet kan settes ut i praksis – det er der kirka møter sine mange medlemmer. Et viktig moment for å nå visjonen blir derfor å legge til rette for at kirkeansatte og frivillige har tid og gode verktøy for å kunne arbeide utadrettet. I kirka må vi også bli bedre på effektiv erfaringsdeling, slik at gode ideer enkelt kan spres ut over landet. Biskopens tilsynsansvar inkluderer ansvar for at alle kirkeansatte etterlever visjonene. Biskopen får bedre tid og større frihet til dette arbeidet om han slipper arbeidsgiveransvaret.

### 3. Kva meiner du om vigsel av likekjønna par i Den norske kyrkja?

Jeg mener det finnes gode argumenter for flere syn i denne saken. Det er viktig å prøve å finne løsninger som gjør at mennesker med ulikt syn på vigsel av likekjønnede par kan jobbe videre sammen for å bygge Guds kirke i Norge. Jeg er usikker på hvordan vi skal tolke Bibelens ord om vigsel av likekjønnede par, men de som lever et homofilt samliv i ordnede forhold skader hverken medmennesker eller kloden vår med dette. Jeg tror ikke det er avgjørende for hverken kirken eller frelsen hvordan vi løser denne saken. Dersom kirkemøtet vedtar at det skal åpnes for vigsel av likekjønnede par, må det samtidig vedtas gode ordninger for reservasjonsrett for kirkeansatte.

### 4. Tilhøvet mellom staten og kyrkja er i endring. Kva vil du vektlegge med omsyn til

- Rekruttering
- organisering
- arbeidsgjevaransvar i kyrkja?

Når kirkemøtevedtakene om én arbeidsgiverlinje for alle kirkeansatte gjennomføres, bør det være arbeidsgiver på fellesrådsnivå. Etter kommunereformen vil fellesrådsområdene være store og robuste enheter som kan være arbeidsgiver på en god måte for alle, nær nok og samtidig robust nok. En god finansiering av kirka kan bare skapes gjennom nært samarbeid mellom kommune og fellesråd. Biskop m/stab vil kunne fylle tilsynsansvaret på en langt bedre måte hvis han ikke er arbeidsgiver. En arbeidsgiver på fellesrådsnivå vil være nær nok menighetene til at en kan tenke god rekrutteringspolitikk i hverdagen gjennom å engasjere ungdom og andre i frivillig og lønnet arbeid, slik at de gjennom egen erfaring får oppleve kirken som arbeidsplass og gjennom det motiveres til å ta en kirkelig utdanning.

### 5. Korleis vil du leggja til rette for at kyrkja kan halda saman trass i saker med stor usemje?

Guds kirkes ledere har gjennom hele historien vært uenige i ulike spørsmål. Hvilke spørsmål som har vært mest fremtredende i diskusjonene har variert opp gjennom tidene. Likevel har vi oftest klart å holde sammen og sett at det er mer som forener enn som skiller. Det er avgjørende viktig at vi deler bekjennelsen av Jesus som vår Herre og Frelser, som døde for oss og som oppstod for oss. Uenigheter i andre spørsmål kan vi i hovedsak leve med – samtidig som vi står sammen i arbeidet med å *ære den treenige Gud – ved å forkynne Kristus, bygge menigheter og fremme rettferdighet. (visjonen for Bjørgvin bispedømme)* Det er viktig at vi i kirka lærer oss til å være klare i det sentrale, raise i det perifere. Dette er en grunntanke som må formidles av alle ledere i kirka, både gjennom ord og handling.


**Skjema for presentasjon av lek kyrkjelege**
**tilsette kandidatar ved val av  
bispedømeråd/Kyrkjemøtet. Bjørgvin**

Opplysningane er til bruk ved offentlig presentasjon av kandidatane.  
Opplysningane om fødselsdato og bustadadresse kjem ikkje til å verta nytta i slike presentasjonar, berre alder og sokn. Alle felt skal fyllast ut.

Fødselsdato	11.01.1959		
Namn	Annlaug Halvorsen Engmark		
Bustadsadresse	Ullensvang, Postboks 52, 5787 Lofthus		
Telefon	481 76 830	Epost	diakonen@oddakirken.no
Bustadssokn	Ullensvang		
Kjønn	K <input checked="" type="checkbox"/> M <input type="checkbox"/> (kryss av)		

Noverande stilling	Diakon i Odda, Tyssedal, Røldal og Skare sokn	Frå	2010
--------------------	---	-----	------

Yrke/Utdanning	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Diakon i sjukehusprest-stilling på Odda sjukehus, Helse Fonna (8% stilling)		2014	-
Internatleiar på Hardanger folkehøgskule		2004	2010
Diakon i Ullensvang, Kinsarvik og Utne sokn (permisjon jan. 02 - des. 03.)		1997	2004
Ansvar for barnebasen, Ullensvang Asylmottak, Ullensvang kommune.		2002	2003
Diakon i sjukehusprest-stilling på Fylkessjukehuset i Odda (10% stilling)		1999	2000

Kyrkjelege verv	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Medlem av Ullensvang sokneråd		2005	2009
Medlem av diakoniutvalet i Vågsøy sokn		1993	1996
Medlem av Diakonaten i Stovner menighet		1988	1990

Offisielle og andre verv	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Medlem av landsstyret i Norges KFUK – KFUM speidarar		2013	2015
Stiftsstyreleiar for Bjørgvins stift av Det Norske diakonforbund		2012	2015
Stiftsstyreleiar for Bjørgvin stift av Det Norske Diakonforbund		2001	2006
Medlem av sentralstyret i Det Norske Diakonforbund		2003	2006
KFUK speidernes representant i Ungdomsmisjonen		1989	1993

Satsingsområde (inntil 5)	(Aktivitatar i og planar for kyrkja som kandidaten er særleg oppteken av. Opptil 5 område som kandidaten vil prioritera høgast.)
	Framtidig organisering og leing i Den norske kyrkja.
	Trusopppleringa med fokus på tverrfagleg samarbeid.
	Oppfølging av tverrfagleg samarbeid «misjon – diakoni».
	Fokus på grøn kyrkjelyd og forvaltaransvaret vårt.
	Kyrkja og samspel med kommunane sin plan om folkehelsa. Kyrkja og lokalsamfunnet.

Namn: Annlaug Halvorsen Engmark

### **1. Eg stiller til val til bispedømmerådet og Kyrkjemøtet fordi:**

Eg synas det vil vera ei unik oppleving å få vera med på å forma og utvikla viktige saker dei komande fire åra i bispedømmerådet. Særleg saka om framtidig organisering og leiing i kyrkja vår som og skal handsamas på Kyrkjemøtet. Samt det høyrer og veldig inspirerende, utfordrande, men og krevjande, å få vera med å påverka viktige kyrkjelege saker gjennom Kyrkjemøtet i dei neste fire åra. Eg trur at eg med min bakgrunn innan diakonien i kyrkja og arbeid med menneske både i kyrkjeleg sektor og kommunal sektor, kan tilføra bispedømmerådet / kyrkjemøtet kunnskap eg har.

### **2. Den norske kyrkja sitt visjonsdokument (2015-2019) presenterer Den evangelisk-lutherske folkekyrkja som**

- **Vedkjennande**
- **Open**
- **Tenande**
- **Misjonering**

#### **Korleis vil du arbeida for å verkeleggjera dette?**

Sokna skal ha planar for arbeid sitt og særleg innan kyrkjemusikk, undervisning og diakoni, som er tufta på visjonsdokumentet. (Trusopplæringa har rapporteringsplikt og planen for det vert utarbeida.) Bispedømmerådet er eit organ som kan etterspørje dette i mykje større grad enn det vert gjort i dag. Ein lokal plan utarbeidd av sokneråda i lag med dei tilsette, gjer til at begge partar vert meir medvit kva arbeid dei skal ha i soknet sitt. Ein slik plan vert eit levande dokument fordi planen vil kunne innehalde når dei enkelte tiltak skal evalueras. I tillegg meiner eg at bispedømmerådet må halda fram med å invitera tilsette til regelmessige tverrfaglege fagdagar som tek opp dei fire hovudområda. Samt at sokneråd får tilbod om inspirasjonskveldar innan dei fire hovudområda.

### **3. Kva meiner du om vigsel av likekjønna par i Den norske kyrkja?**

Eg ser på dette som ei vanskeleg sak å ta stilling til. Som diakon ynskjer eg å møte menneske med openheit og respekt for deira tolking av Bibelen, og syn på at likekjønna par må få gifta seg i Den norske kyrkja. Likevel vert dette vanskeleg for meg når til dømes eit slikt vedtak i kyrkja vår og får store konsekvensar for prestar som ikkje kan utføra ei slik handling ut i frå si tolking av Bibelen. Eg ynskjer ikkje at denne saka skal skapa større uro blant partane i kyrkja vår. Difor tenkjer eg at kanskje forslaget med at det vert ei borgeleg vigslе for alle vil verta det beste for alle partar. Så kan alle som ynskjer det få ha ei forbønshandling i kyrkja etter at dei er vigsla.

### **4. Tilhøvet mellom staten og kyrkja er i endring. Kva vil du vektlegge med omsyn til**

- **Rekruttering**
- **organisering**
- **arbeidsgjevaransvar i kyrkja?**

Eg er særleg oppteken av korleis det framtidig arbeidsgjevaransvaret i Den norske kyrkja skal verta. Difor svarar eg på det først. Eg vil ynskje meg ei organisering der bispedømmerådet har arbeidsgjevaransvaret for alle tilsette i bispedømmerådet. Dette kan medføra ei anna organisering av valet til bispedømmerådet og sokneråda, eventuelt andre råd. Eg meiner at det er naturleg å ha ein prest som medlem i råda, men og ein arbeidstakarrepresentant som skal vera talsmann for dei andre tilsette. Ikkje slik som i dag at arbeidsgjevar – arbeidstakar stiller likt til val som lek kyrkjeleg tilsett i bispedømmerådet. I sokneråd og fellesråd i dag har ikkje arbeidstakarane utanom prestane, nokon representant i rådet, berre i enkelt utval etter avtaleverket. Ei ynskjer meg og ei organisering der alle tilsette har sin fagsektor inn i arbeidsgjevarlinja og at det er kyrkjefagleg kompetanse blant den som skal vera vår øvste leiar. Difor er det naturleg for meg at biskopen vert vår øvste leiar for alle tilsette i bispedømmerådet.

I dag utøver prosten deler av arbeidsgjevaransvaret for prestane. Ein slik modell kan vidareførast meiner eg, dersom arbeidsgjevaransvaret vert for alle på bispedømmeplanet. Staben på prostnivået treng utvidas med personar med god kunnskap og kvalifikasjonar innan personalkunnskap og økonomi, i tillegg til øvste leiar som må ha kyrkjefagleg kompetanse meiner eg. Det kan vera ein prost som i dag. Med kommunesamanslåing kan og prostia våre verta endra. Ein må og sjå på om det er tenleg at til dømes Bergen som i dag er eit eige fellesråd, men har fleire prosti, skal delas opp. Der kan det vera like ryddig å laga ei tilpassande ordning med same grenser som i dag.

Bjørgvin bispedømme har ein overordna visjon som seier at kyrkja i Bjørgvin skal vere ein arbeidsplass prega av respekt, tryggleik, omsorg og glede». Gode arbeidstilhøve gjev nógde arbeidstakarar som igjen skaper interesse for stillingane hjå andre og rekruttering til kyrkja. Skal alle kyrkjelydane få nok fagleg kompetanse innan undervisning / trusopplæring, kyrkjemusikk og diakoni må me og få auka resursar til slike stillingar. I tillegg til at alle sokn skal ha sin prest. Ein stab prega av omsorg for kvarandre og godt samarbeid rekrutterer og fleire frivilljuge medarbeidarar som er ein viktig ressurs i arbeidet i kyrkja.

**5. Korleis vil du leggja til rette for at kyrkja kan halda saman trass i saker med stor usemje?** Ein open dialog prega av lytting og respekt vil gje rom for at menneske med ulike meininger kan omgås kvarandre. Omsorga for kvarandre må alltid gå føre.